

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 14/7745-2

## Kraftfylka sine innspel til Energimeldinga - bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at «Samarbeidande Kraftfylke» må ta desse forslaga ang. nett-tariffar med i sitt innspel til arbeidet med energimeldinga.

#### 1. Ny tariffordning:

- a. Innmatingsinntekter frå kraftproduksjon må inntektsførast i det nettnivået der innmatinga skjer.
- b. Det må opprettast eit investeringsfond som kan bidra til finansiere "nasjonale nett-investeringar" i regionalnettet. Nettinvesteringar i tråd med nasjonale energimål og elsertifikatordninga er slike investeringar. Fondet skal bidra direkte til å ta ned høge nett-tariffar i utbyggingsområda.
- c. Det må opprettast eit gjennomgåande tariffsystem for kraftforedlende industri. Dette skal sikre industrien nøytrale og konkurranserette nett-tariffar. Skilnader i spenningsnivå ved nett-tilknytning og ulike eigenskapar mellom verksemdene, skal ikkje påverke tariffane. For at ei slik ordning ikkje skal føre til urimelege konsekvensar for andre nettkundar, må det opprettast ei utjamningsordning som tilgodeser selskap med kraftintensiv tilkopla regionalnett. Dette gjeld relativt få selskap og kundar, og bør vere enkelt å administrere.

#### 2. Revitalisering av regionalnettordninga:

- a. Eit alternativ til framlegga over, kan vere ein felles regionalnett-tariff, tilsvarande NVE sitt framlegg i den såkalla "regionalnettordninga". Tariffen skal inngå i selskapa sine tariffsystem.

#### Vedlegg:

1. En helhetlig energimelding. Innspill fra Samarbeidande Kraftfylke.

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Regjeringa har sett i gang arbeid med ei energimelding der det vil bli teke opp ulike saker som skal drøftast i Stortinget. Arbeidet vart sett i gang 3.03.2014 med eit innspelmøte med deltakarar m.a. frå ulike deler av energisektoren og frå interesseorganisasjonar. I følgje Samarbeidande Kraftfylke må ytterlegare innspel til dette arbeidet sendast Olje- og energidepartementet innan utgangen av 2014. Innspel kan sendast til [energimeldingen@oed.dep.no](mailto:energimeldingen@oed.dep.no). Innkomne innspel vert lagt ut på OED sine nettsider.

Frå Kraftfylka sitt sekretariat har fylkeskommunen fått tilsendt eit utkast til innspel. Dette vart handtert i styret for Kraftfylka 19.11.14, og det er sendt på høyring til medlemsfylka med frist 11.12.14. Utkastet tek opp spørsmål knytt til aktuelle klimamål der det m.a. vert lagt til grunn utbygging av meir fornybar energi, oppgradering av kraftnettet og effektivisering. Kraftfylka tek til orde for å vri fokuset bort frå småkraft og meir mot større utbyggingar m.a. fordi den regulerbare krafta er mest verdifull. I denne samanhengen er det vesentleg at ein større del av verdiskapinga vert verande att i produksjonsdistrikta. Kraftfylka kjem også inn på kostnadsfordelinga i nettsystemet. Fylkeskommunen har engasjert seg i dette problemkomplekset tidlegare, jf. FT-sak 18/14 (11.06.14), der det vart gitt uttale til rapporten frå ei ekspertgruppe om organisering av strømnettet (Reiten-utvalet, sendt OED 16.06.14):

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Kraftforedlende industri som t.d. Elkem Bremanger må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftforedlende industri. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterk svekking av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ei nettleigeordning som tek omsyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Fylkestinget ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.
2. Noverande nett-tariffar stimulerer til å leggje tung forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (vekk frå våre overskotsområde). Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
4. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om DSO-organisering.

Fylkesrådmannen meiner at innspelet frå Kraftfylka til arbeidet med energimeldinga må supplerast innafor temaet om nett-tariffar/kostnadsfordeling.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Så langt det gjeld kostnadsfordeling i nettsystemet, er det sagt dette på side 4 og 5 i utkastet:

### Kostnadsfordelinga en utfordring som må tas på alvor

Regionalnettordninga ble lagt død. Nettutjamningsordninga er så godt som faset ut. Det er tydelig at ønsket om strukturendringer er større enn frykten for konsekvensene dersom kostnadene i enkelte fylker blir større enn det folk flest er villige til å akseptere. Det er ikke godt nok når vi står foran en storsatsing på ny fornybar og historisk høye investeringer i kraftnettet. Kraftfylka deltar mer enn gjerne på en nasjonal og en europeisk klimadugnad. Vi vil gjerne utnytte fornybarressursene våre til beste for den regionale verdiskapinga. Men de forventede investeringene i det norske regionalnettet (det framtidige samlede distribusjonsnettet) som skal til for å redusere nasjonale klimagassutslipp og tilby balansekraft til Europa kan ikke betales av de få forbrukerne i Kraftfylka. For disse nettselskapene blir kostnadene for store til å kunne forsvare investeringene regionalt og lokalt, også etter nødvendige strukturendringer. Vi vil da havne i den paradoksale situasjonen at fylkene med størst fornybarpotensial blir minst attraktive for industrietableringer, og at forbrukerne i områdene som bidrar mest, også må betale mest.

Et virkemiddel for å unngå dette er at kraftintensiv industri likebehandles med kraftproduksjon og tarifferes likt uavhengig av tilknytningspunkt. Det avgjørende må være egenskapene i forbruket, ikke hvem du er kunde av.

Likevel må man også se på hvordan kostnadene for det enkelte prosjekt kan fordeles nasjonalt. Nasjonale satsinger krever nasjonale finansieringsløsninger. En mulig løsning er et investeringsfond for støtte til prosjekter man ser ikke kan bæres av egne kunder alene. Slik statsstøtte til kraftinfrastruktur i griskendte strøk er en mulighet som nå har åpnet

seg i EUs nye retningslinjer for støtte til energi- og miljø, nettopp i den erkjennelse av at normal brukerfinansiering ikke er mulig i disse områdene. Dette er en mulighet Norge bør benytte seg av. Støtten vil treffe de områdene som trenger det mest, uten å være et disincentiv til effektiv drift og ønskede strukturendringer.

Fylkesrådmannen har ikkje avgjerande innvendingar til analyse og forslag til løysingar, men ønskjer å supplere, spesielt når det gjeld forslag til løysingar.

#### Problembeskriving

Store nettinvesteringar må gjerast i utbyggingsdistrikta for å kunne realisere nasjonale/globale mål om vidare utbygging av fornybar energi. Det er og vil vere svært urimeleg om realisering av desse måla, skal skape store ulemper for industri og alminneleg forsyning i utbyggingsområda. Likevel er det dette som skjer i dag, og som vil skje i aukande tempo ved bygging av nye, nødvendige nettanlegg.

Den samla nettrekninga må som kjent delast mellom nettbrukarane, dvs. mellom kundegruppene alminneleg forsyning, kraftproduksjon og kraftforedlende industri. Kvar for seg har desse ulike overordna reglar og føringar. Kraftproduksjon har særlege tariff-reglar basert på EU-føringar. Kraftforedlende industri må ha ei betalingsordning til nettet som sikrar at industrien er levedyktig og som hindrar innbyrdes konkurransevriding. Dette betyr m.a. at industri-tariffen må vere uavhengig av spenningsnivå i tilknytingspunktet. Industrien er eit positivt element i høve til nett og nettdrift, som igjen tilseier moderate prisar.

Minussida i dette bildet, når politiske og næringsmessige føringar betyr betalingsordningar til fordel for kraftproduksjon og kraftintensiv industri, er at alminneleg forsyning får og vil få urimeleg høge nett-tariffar. Dette gjeld spesielt område med stort fornybarpotensiale og der kraftforedlende industri er knytt til regional-/lokalnettet. Sagt på ein annan måte så verkar dagens tariffsystem i desse områda slik at det vert sendt ut prissignal om at nytt større forbruk bør leggjast utanfor desse områda (utbyggingsområda/overskots-områda), og heller i underskotsområda. Fylkesrådmannen meiner at det er dårleg samfunnsøkonomi i dette.

#### Aktuelle løysingar på utfordringane:

Innmatingsinntekter frå kraftproduksjon må inntektsførast i det nettnivået der innmatinga skjer. I dag endar inntektene frå kraftinnmating i regionalnettet opp i sentralnettet. Reiten-rapporten går også inn for denne endringa.

Det må opprettast eit investeringsfond som kan bidra til finansiering av "nasjonale nettinvesteringar" i regionalnettet. Nettinvesteringar i tråd med nasjonale energimål og elsertifikatordninga er slike investeringar. Fondet skal bidra direkte til å ta ned høge nett-tariffar i utbyggingsområda. Fondet kan få inntekter gjennom ei ordning tilsvarande som for elavgifta. Ordninga kan ev. administrerast av NVE. Utan ei slik finansieringsordning vil kostnader til nye nettanlegg sprengje rammene for aktuelle nett-tariffar i allmennforsyninga fullstendig. Alternativet er at nettinvesteringane ikkje vert gjort, og at realisering ny, fornybar kraftproduksjon vert utsett.

Eit gjennomgåande tariffsystem for kraftforedlende industri må opprettast. Dette skal sikre industrien nøytrale og konkurranserette nett-tariffar. Skilnader i spenningsnivå ved nett-tilknytning og ulike eigenskapar mellom verksemdene, skal ikkje påverke tariffane. For at ei slik ordning ikkje skal føre til urimelege konsekvensar for andre nettkundar, må det opprettast ei utjamningsordning som tilgodeser selskap med kraftintensiv tilkopla regionalnett. Dette gjeld relativt få selskap og kundar, og bør vere enkelt å administrere, gjerne i regi av Statnett eller NVE. I utkastet frå Kraftfylka er ei slik utjamningsordning ikkje omtalt. Fylkesrådmannen meiner at ei slik ordning er heilt nødvendig for å kunne skjerme nye og noverande kundar i alminneleg forsyning mot urimeleg høge nett-tariffar.

Eit alternativ til framlegga over kan vere ein felles regionalnett-tariff, tilsvarande NVE sitt framlegg i den såkalla "regionalnettordninga". Tariffen skal inngå i selskapa sine tariffsystem. I utkastet til uttale frå Kraftfylka er eit slikt forslag omtalt som ei tapt sak. Fylkesrådmannen meiner at dette alternativet må vere med i innspelet til arbeidet med energimeldinga.

### **3. Konklusjon**

Jf. tilråding til vedtak.